



Breheimen
nasjonalparkstyret

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyret

Møtested: Luster

Dato: 02.06.2022

Tidspunkt: Etter befaring.

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 12/22	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 13/22	Sak - Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022-2027 - Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - Arealrepresentativt naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning		2022/3777
ST 14/22	Sak - Breheimen nasjonalpark - Søknad om forlenga dispensasjon til mellombelse installasjonar i prosjekt Flomrespons i Lundadalen - Pipelife		2021/5826
ST 15/22	Sak - Mysubytta LVO - 2022 - Klage på tidlegare vedtak om fjerning av plutting - Rita Brekkum		2019/16363
ST 16/22	Sak - Breheimen NP - 2022 - Klage på vedtak ang. bru i Lundadalen - Lundadalen heimraster v/ Ola Moen		2019/8570
ST 17/22	Delegerte vedtak		
DS 8/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Transport av varer, ved, utstyr og materialar - Ola Moen		2022/3004
DS 9/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Transport av materialar til naust - Åge Frøyse		2022/3007
DS 10/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Transport av båt til Surtbyttvatnet - Håvard Moen		2022/3013
DS 11/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022-2025 - Transport av saltstein - beitebrukere i Lundadalen v/ Else Mona Staurust		2022/2987
DS 12/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Transport av ny båt til Surtbyttvatnet - Lars Eide		2022/3363
DS 13/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022-2025 - Transport av bagasje og utstyr til hytte - Steinar Øygard		2022/3018
DS 14/22	Delegert vedtak - Breheimen nasjonalpark - 2022-2025 - Dispensasjon - Transport av ved til hytte ved Kollungshytta og Haukberghytta - Skjåk JFL		2022/3898
DS 15/22	Delegert vedtak - Breheimen NP - Honnsrøve NAT - 2022 - Dispensasjon - Utplassering av turpostar - Fjellgeita Skjåk IL v/ Simen Toven		2022/3254
ST 18/22	Referatsaker		

RS	Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd	2022/5471
ST 19/22	Eventuelt	

ST 12/22 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2022/3777-2

Saksbehandlar: Trygve Snøtun

Dato: 24.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	13/22	02.06.2022

Breheimen nasjonalpark - Dispensasjon - 2022-2027 - Merking av analyseruter og uttak av små mengder plantemateriale - Arealrepresentativt naturovervåking ANO - Norsk institutt for naturforskning

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Norsk institutt for naturforskning (NINA) løyve til å gjennomføre datainnsamling som omsøkt for følgjande prøveflater i Breheimen nasjonalpark, alle innanfor Luster kommune:

Flate	Koordinat (x)	Koordinat (y)
ANO-flate 981	99750	6843750
ANO-flate 988	106250	6860250
ANO-flate 960	120750	6847250

Løyvet er fatta med heimel i § 48 i naturmangfaldlova.

Følgjande vilkår gjeld:

- Løyvet gjeld for følgjande tiltak:
 - setje ned to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
 - uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.
- All ferdsel i samband med registreringane skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.
- Alle metallrøyr og anna materiale nytta i prosjektet skal takast ut av verneområdet når prosjektet er ferdig.
- Merkene skal ikkje borrhast fast i fjell/stein. Ueigna stadar for fastmerking skal kun merkast på GPS.

- Det må etablerast gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ut metallrøyr i bakken slik at ein sikrar at alle røyra blir henta inn når prosjektet er ferdig.
- Dersom ein oppdagar villrein i samband med datainnsamling skal ein trekke vekk og vente til villrein er borte frå området.
- Løyvet gjeld fram til prosjektet er avslutta. Metallrøyra skal fjernast så snart prosjektet er avslutta og seinast i løpet av hausten 2029.

Vi gjer oppmerksom på at dette løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente eit eventuelt løyve etter anna lovverk frå Luster kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Søknad frå Norsk institutt for naturforskning, NINA, datert 28.03.2022.

Saksopplysningar

Søknaden er attgjeven her:

«Norsk institutt for naturforskning skal på oppdrag fra Miljødirektoratet utføre kartlegging i forbindelse med det nasjonale overvåkingsprogrammet "Arealrepresentativ naturovervåking (ANO). Programmet samler blant annet inn data på viktige indikatorer for fagsystem for økologisk tilstand. Overvåkingsprogrammet vil ikke fokusere på resultater fra enkeltområder, men alle innsamlede data vil tilsammen gi en nasjonal statistikk på langsiktige endringer i norsk natur. For mer informasjon, se Arealrepresentativ naturovervåking (ANO) (nina.no)

Overvåkingsflater er fordelt over hele fastlands-Norge, valgt fra SSBs rutenettverk med 500x500 meter flater. I hver flate er det lagt ut et forband på 18 punkter som undersøkes hvert femte år. På hver av de 18 punktene i en ANO-flate registreres vegetasjon i en 250 m2 sirkel og en kvadratmeterrute i midten av sirkelen. Siden ANO er et langsiktig overvåkingsprosjekt, så merkes kvadratmeterruta med to fastmerker for å gjøre det mulig å finne tilbake til eksakt samme rute fem år senere.

Datainnsamlingen i ANO gjøres på faste punkter og inkluderer to komponenter:

- *Registrering av variabler for økologisk tilstand, herunder artssammensetning, vegetasjonsdekning og vegetasjonsstruktur.*
- *Kartlegging av naturtyper etter NiN kartleggingsinstruks for målestokk 1:5000.*

Følgende flater har havnet innenfor et verneområde som dere har forvaltningsmyndighet for:

- *ANO-flate 981: koordinater til flatens midtpunkt; X: 99750, Y: 6843750*
- *ANO-flate 988: koordinater til flatens midtpunkt; X:106250, Y: 6860250*


• ANO-flate 960: koordinater til flatens midtpunkt; X:120750, Y: 6847250

For kart over lokalitetene, se vedlegg under.


Det søkes herved om dispensasjon til kunne sette ned to metallrør i forbindelse med merking av analyseruter, til sammen 36 merker pr 500 x 500 m ANO-flate. Fastmerkene som benyttes er aluminiumsrør med 1 cm diameter og lengde 5-10 cm (avhengig av terreng). Merkene blir satt helt ned i jorda, slik at de er svært lite synlige. Dersom punktene havner på stein eller annet materiale som er uegnet for fastmerking, blir punktene kun merket på GPS. Når prosjektet avsluttes, vil alle fastmerker fjernes.

I tillegg kan det bli aktuelt med uttak av små mengder plantemateriale til belegg for artsbestemmelse. Feltarbeidet vil foregå i tidsrommet juli-september i sesongene 2022, 2023 og 2024. All ferdsel i forbindelse med kartleggingen vil skje i tråd med friluftslovens regler om ferdsel og god ferdselskultur.»


Det vart i styremøte i Breheimen nasjonalparkstyre 11.juni 2021 gjeve løyve til same prosjekt i fire ANO-flater i Breheimen NP og Strynefjellet LVO.



Figur 1: ANO - 981: Dei 18 punkta er markert med gult. Flata er planlagt kartlagt i 2022.



Figur 2: ANO - 988: Dei 18 punkta er markert med gult. Flata er planlagt kartlagt i 2023.



Figur 3: ANO - 960: Dei 18 punkta er markert med gult. Flata er planlagt kartlagt i 2024.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark, Strynefjellet landskapsvernområde, Mysubytta landskapsvernområde, Høydalen landskapsvernområde, Mørkridsdalen landskapsvernområde, Vigdalen landskapsvernområde og Høyrokampen naturreservat til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særegne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at *med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretningar.....* (§ 3 pkt. 1.1).

Forvaltningsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

I verneforskrift for Breheimen nasjonalpark står det at vegetasjon, også daude busker og tre, skal vernast mot skade og øydelegging av alle slag. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode (§ 3 pkt. 2.1). Forvaltingsmyndigheita kan i denne samanhengen gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta §4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står følgande om forskingsaktivitet:

Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanalisert dit.

Forskning og undervisning som ikkje er i strid med verneføremålet og som skjer i samsvar med vernereglane kan skje utan løyve. Elles kan nasjonalparkstyre gje løyve til forskingsaktivitet gjennom dei generelle dispensasjonsreglane i forskriftene.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde. Kravet i høve urørt natur vil ikkje vere like viktig i landskapsvernområda og forskning knytt til kulturlandskap og kulturhistorie vil bli prioritert.

Aktuelle forskingsprosjekt må tilfredsstille vitskaplege krav til oppbygging og gjennomføring.

Naturmangfaldlova

I tillegg til behandling etter verneforskrift/naturmangfaldlov må søknaden også vurderast etter naturmangfaldlovenes miljørettslege prinsipp som er nedfelt i §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlag, føre-var prinsippet, samla belastning på økosystemet, kostnader ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar, samt miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder), jamfør § 7.

Vurdering

På oppdrag for Miljødirektoratet søker Norsk institutt for naturforskning (NINA) om å få utføre vegetasjonskartlegging i samband med prosjektet «Arealrepresentativ naturovervåking» (ANO) i Breheimen. ANO er et nasjonalt overvåkingsprogram som samlar inn data på viktige indikatorar for fagsystem for økologisk tilstand. Dei 3 prøveflatene, som er 500x500 m store, ligg i Breheimen nasjonalpark. Det er gjeve løyve til same formål i andre verneområde i Noreg tidlegare, også i Breheimen NP og Strynefjellet LVO i 2021.

I § 33 bokstav h i naturmangfaldlova står det at eit av formåla med områdevern er bevaring av referanseområder for å følgje utviklinga i naturen. I denne samanhengen må det gjerast vitskapelege registreringar for å dokumentere naturens utvikling. Eit nasjonalt prosjekt som dette, med et nettverk av flater, er i tråd med et slikt mål. I forvaltningsplanen er det eit tydeleg mål at verneområda i Breheimen skal kunne nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

I praksis er det ut frå søknaden søkt om følgjande tiltak innanfor dei 3 flatene:

- setje ned to små metallrøyr i samanheng med merking av ruter for analyse (til saman 18 ruter pr. ANO-flate/område). Røyra skal brukast til å finne att posisjonen på ruta frå år til år når ruta skal analyserast på nytt.
- uttak av små mengder plantemateriale i forbindelse med registrering av artar.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av tiltaket. Med bakgrunn i databasar (Naturbasen og Artsdatabanken), forvaltningsplanen for Breheimen, ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt. Det er god oversikt over biotopar og artsmangfald i området. Ein del av desse blir følgd opp av lokalt personell frå Statens naturoppsyn (SNO). Det er ikkje registrert sårbare lokalitetar for fugl i nærleiken til desse flatene og det er heller ikkje registrert kulturminne innanfor dei 3 flatene. Villreinen bruker områda som barmarksbeite, og ANO 988 i Greindalen er registrert trekkveg for villreinen. Det blir likevel vurdert at det er ein marginal aktivitet som dette ikkje vil påverke villreinen negativt (§ 8).

Med bakgrunn i kunnskapsgrunnlaget meiner nasjonalparkforvaltar at det ikkje er nødvendig å ta i bruk føre-var-prinsippet (§ 9) i saken. Slik det er beskrive i søknaden vil metallrøyra knapt vera synlege og plantematerialet som eventuelt blir teke ut er av marginal mengde. I forhold til økosystem-tilnærming og samla belastning, vurderer nasjonalparkforvaltar at det er forsvarleg å tillate tiltaka slik dei er beskrive i søknaden frå NINA. Det er ikkje vurdert at verneverdiane eller verneformålet blir nemneverdig påverka ved gjennomføring av tiltaka. Den samla belastninga vil ikkje bli større enn den er i dag, dersom vilkåra blir følgd. Det er viktig at tiltakshavar har gode rutinar for registrering av kvar det blir sett ned metallrøyr, slik at det er mogleg å finne att røyra når prosjektet er ferdig (§10). Tiltakshavar pliktar å iverksette dei tiltak som er naudsynt for at naturmangfaldet ikkje skal bli skadelidande. Om ikkje dette blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å setja i verk tiltak for å rette skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar sikrast dette gjennom vilkåra som er stilt i saken (§§ 11-12).



Arkivsaksnummer: 2021/5826-9

Saksbehandlar: Trygve Snøtun

Dato: 25.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	14/22	02.06.2022

Breheimen nasjonalpark - Søknad om forlenga dispensasjon til mellombelse installasjonar i prosjekt Flomrespons i Lundadalen - Pipelife

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å gje Pipelife løyve til å nytte boreboltar til innfesting av 7 mellombelse installasjonar i Lundadalen, jf. søknad datert 29.06.2021 og søknad datert 22.05.2022. Bruken av boreboltar skal vere på eit minimum og berre nyttast der andre innfestingar ikkje er mogleg. Saka er ei oppfølging av sak 13/21 for Breheimen nasjonalparkstyre. Løyvet blir gjeve med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, med følgjande vilkår:

- Løyve gjeld innfesting av dei omsøkte 7 stadane markert på kart i søknad datert 29.06.2021.
- Løyve gjeld til og med 1.november 2023.
- Boreboltar skal haldast på eit minimum og berre nyttast der andre alternativ ikkje er mogleg.
- Søkjar skal lage ein rapport som syner ei konkret vurdering av kvart festepunkt for dei 7 installasjonane og sende til forvaltar seinast november 2021.
- Rapporten skal også innehalde detaljerte bilete av festepunkta på installasjonane, samt oversiktsbilete av installasjonane.
- Søkjar skal ta vekk installasjonar seinast hausten 2023, samt anna materiale som er tatt inn i verneområdet.
- Eventuelle boreboltar skal fjernast heilt inntil berget.

Breheimen nasjonalparkstyre minner om at løyve berre er etter verneforskrifta til Breheimen nasjonalpark.

Klage:

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Pipelife datert 22.05.2022.

Saksopplysningar

Søknaden:

«Viser til vedtak datert 12.07.2021, angående tillatelse til å nytte borebolter til innfesting av midlertidige installasjoner på 7 lokasjoner i Breheimen nasjonalpark, i forbindelse med gjennomføring av prosjektet Flomrespons, samt etterfølgende rapport som dokumenterer utførte installasjoner. Opprinnelig løyve ble gitt under forutsetning av at installasjonene blir fjernet senest høsten 2022, slik at løsningen for prediksjon av flom kunne testes gjennom en hel «flomsesong».

Testen har flere mål:

- 1. Å teste ut løsningens evne til å gi predikere flom og dermed kunne gi tidlig varsling, som grunnlag for å iverksette tiltak for å redusere risiko for avbrudd og skader i tilknytning til flommen.*
- 2. Å evaluere nytteverdien av ulike typer sensorer, for på den måten å finne riktig avveining mellom kostnader og nytteverdi med tanke på å varsle flom med ønsket presisjon og tidsperspektiv.*
- 3. Å teste ut driftssikkerheten for de utplasserte sensorene og tilhørende kommunikasjonsenheter*

Basert på erfaringene vi har gjort så langt, ser vi at uttesting gjennom én sesong gir et begrenset grunnlag for å konkludere ift. målsetningen beskrevet over. Prosjektet ønsker derfor svært gjerne å se på muligheten for at man skal kunne teste ut løsningen også gjennom vår og sommerhalvåret i 2023.

På dette grunnlaget søker vi om forlenget dispensasjon til det allerede utplasserte utstyret i Lundadalen i Breheimen nasjonalpark, frem til høsten 2023.


Det vil ikke installeres noe ytterligere utstyr enn hva som allerede er på plass, og merbelastningen vil begrense seg til noen fotturer utført av våre teknikere for enkelt teknisk vedlikehold (skifte av batteri m.m.) i perioden. Vi håper Nasjonalparkstyret ser positivt på forespørselen om utvidet periode for dispensasjonen, og ser frem til deres tilbakemelding.»

Som det går fram av søknad vart det gjeve dispensasjon til å sette opp 7 mellombelse installasjonar i Lundadalen sommaren 2021, saksnummer 2021/5826. Installasjonane er montert, men for å sikre best mogleg data ønskjer tiltakshavar at installasjonane skal gjere målingar ein sesong til, altså til og med hausten 2023. Prosjektet har som målsetting å predikere flaum og kunne gje tidleg varsling ved flaumsituasjonar.

Kart installasjonar

Lokasjonsnavn

104-Grjotåi-C
105-Yste-B
106-PrestanCR
107-Hestbreen-AC
108-Lundadalsvatnet-CR
201-Holåbreen-A
202-Holåbreen-C
Utenfor nasjonalparken:
101-Skjøli Bru-CD
102-Svaåe-C
103-Heimaste-CD
301-ÅndfjelletA1B



Heimelsgrunnlag

Søknaden blir vurdert i samsvar med:

1. Forskrift for Breheimen nasjonalpark, datert 7. august 2009.
2. Naturmangfaldlova, datert 19. juni 2009 nr. 100.
3. Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen.

Verneformål – forskrift

Breheimen nasjonalpark vart oppretta gjennom verneplan for Breheimen av Kongen i statsråd 7.august 2009. Breheimen nasjonalparkstyre er forvaltingsmyndigheit for nasjonalparken.

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særeigne, representative økosystem og landskap utan tyngre inngrep. Vidare er føremålet med nasjonalparken mellom anna å ta vare på vassdragsnaturen i området.

§ 3 punkt 1.1 vern mot inngrep i landskapet seier at med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av både varige og mellombelse innretningar og festing av boltar. Det er ingen av unntaka som kan knytast opp mot omsøkt tiltak.

Forvaltningsmyndigheita kan gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfoldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen står det følgjande i kapittel 3.7 Forsking om forvaltningsmål:

«Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet.

Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område.

Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltninga.»

I retningslinene for forskning står det mellom anna:

«Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanalisierast dit.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde.»

Naturmangfoldlova

Tiltaket vert vurdert etter dei miljørettslege prinsippa som er nedfelt i naturmangfoldlova (nml) §§ 8 - 12.

Presedens

Det er eit forvaltningsmål at verneområda i Breheimen kan nyttast til relevant forskning. Det vurderast difor til at det aktuelle tiltaket ikkje vil gje ein negativ presedensverknad.

Vurdering

Breheimen nasjonalparkstyre handsama saka om å sette opp mellombelse installasjonar i styremøte/-sak juni og juli 2021, og gjorde vedtak etter innstilling frå forvaltar om gi løyve til omsøkt tiltak. Prosjektet vart vurdert som samfunnsnyttig for både innanfor og utanfor vernegrensa og at ulempen med mellombelse installasjonar var små.

I verneområda i Breheimen har det vore mange flaumhendingar etter at vernet tredde i kraft, der resultatet har vore store øydeleggingar både i og utanfor verneområdet. Regionrådet i Nord-Gudbrandsdalen med tilhøyrande kommunar og andre partnarar har starta prosjektet

Flomrespons, der målet er betre flaumvarslingsteneste. Elva Skjøli i Lundadalen er utpeikt som ei ideel pilotelv som er minimalt påverka av menneskeleg aktivitet.

Det er sett opp tre installasjonar utanfor verneområdet, og 7 installasjonar innanfor Breheimen nasjonalpark. Installasjonane er midlertidige og skal fjernast når prosjektperioden er over. Installasjonane blir frakta opp og tatt ned ved hjelp av ryggsekk og eventuelt kløvhest. I siste søknad ønskjer tiltakshavar å forlenge måleperioden for installasjonane for å sikre best mogleg datagrunnlag for testing av utstyr og vidare arbeid med flaumvarsling. Det er ikkje snakk om å nye tiltak eller inngrep, men at utstyret blir fjerna hausten 2023 i staden for hausten 2022.

Det er ingen nye element som endrar vurderingane som vart gjort i saksnummer 2021/5826-5, og forvaltar viser til desse.

Konklusjon

Ut ifrå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at forskingsprosjektet Flomrespons er samfunsmessig viktig, og det er også viktig for forvaltninga å få endå meir kunnskap om vassdragsmiljøet i verneområda i Breheimen. Prosjektet treng ikkje å nytte motoriserte hjelpemiddel for montering og nedtaking. Om allereie oppsette installasjonar står eitt år til, kan ikkje forvaltar sjå vil endre vurderingane som vart gjort i sak 2021/5826-5.

Forvaltar innstiller difor på same vedtak som tidlegare, men endrar vilkåret om når installasjonane skal fjernast til hausten 2023.



Arkivsaksnummer: 2019/16363-7

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 12.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	15/22	02.06.2022

Sak - Mysubytta LVO - Klage på tidlegare vedtak om fjerning av platting - Rita Brekkum

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 2. juni 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å avvise Rita Brekkum sin klage på vedtak om riving av platting aust for seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Bakgrunnen for dette er at klagefristen for vedtaket som vart gjort den 06.12.2018 er utgått. Klagen blir avvist med heimel i forvaltningslovenes § 31 tredje ledd.

Nasjonalparkstyret sitt tidlegare vedtak om utsett frist er framleis gjeldande og plattingen må fjernast innan 20. juli 2022. Det blir elles vist til vurdering og vilkår i vedtak med krav om retting (saksnr. 2015/5516-11) og vedtak om utsett frist for gjennomføring (saksnr. 2019/16363-4).

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Klage på vedtak om riving av platting. Rita Brekkum. Datert 20.04.2022. Motteke 27.04.2022.
- Vedtak om utsett frist for gjennomføring av retting. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 16.11.2021 / 01.04.2022. Saksnummer 2019/16363-5.
- Søknad om utsett frist for gjennomføring av retting. Rita Brekkum. Datert 26. august 2019.
- Vedtak om retting av tiltak. Breheimen nasjonalparkstyre. Styremøte 6. desember 2018.

- Rapport frå Statens naturoppsyn Breheimen: Kontrollmåling av seterhuset til Rita Brekkum etter restaurering. Dokumentdato 14.10.2016.
- Løyve til restaurering og tilbygg til seterhus på Brekkomsetra gnr. 246/1 - Rita Brekkum. Dokumentdato 03.03.2016. Saksnummer 2015/5516-5.
- Brev ang. teikningane og spørsmåla i forslag 2. Breheimen nasjonalparkstyre. Dokumentdato 15.04.2016. Saksnummer 2015/5516.
- Nye teikningar (forslag 2) og spørsmål. Rita Brekkum. Motteke 14.04.2016.
- Uttale frå Oppland fylkeskommune avd. for kulturarv. E-postar med dato 01.02.2016 – 04.02.2016.
- Søknad om restaurering og tilbygg på seterhus. Teikningar forslag 1. E-post datert 04.09.2015. Saksnummer 2015/5516-5.

Saksopplysningar

Klagen er attgjeven nedanfor:

KLAGE PÅ VEDTAK OM RIVING AV UTEPLASS

Jeg viser til vedtak av 24.11.2021 og brev av 01.04.2022 om utsatt frist til riving av uteplass ved seterhuset mitt på Mysubytta.

I forbindelse med godkjenning av utbedring av seterhuset, ble det tatt inn et punkt om at jeg ikke kunne bygge terrasse, platting eller veranda. Nasjonalparkstyret viser her til hjemmel i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde som hjemmel for vedtaket. Jeg mener dette er feil lovanvendelse og at vedtaket dermed ikke er gyldig.

Det står ingen ting hverken i verneforskriften for Breheimen nasjonalpark eller i verneforskriften for Mysubytta landskapsvernområde om terrasse, platting eller veranda. Derimot så er dette tatt inn i verneforskriften for verneområdene i Breheimen i punkt 3.5.2. Verneforskriften kan ikke behandles som en rettskilde i denne saken, snarere som et rundskriv som er en tolkning, i dette tilfellet nasjonalparkstyrets tolkning av verneforskriftene.

Forvaltningsplanen hevder at «Bygging av terrasse, veranda og platting er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggeskikk og vil ikkje vera tillate».

I Verneforskriften for Breheimen nasjonalpark, § 3, 1.3 fremgår det av siste setning at «Ombygging, utviding og nybygg skal skje i samsvar med lokal byggeskikk og tilpassast landskapet». Samme formulering er brukt i Verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde. Jeg mener at dette ikke kan tolkes dithen at bygging av uteplassen ved seterhuset mitt ikke kan godkjennes og at den må rives. Det er en alt for utvidende tolkning av verneforskriftene som det etter min mening ikke er grunnlag for.

Når det gjelder dette med «lokal tradisjonell byggeskikk», så er et ikke slik at det det ikke er i tråd med lokal tradisjonell byggeskikk å lage uteplass ved hytter og seterhus. Hvis styret for nasjonalparken ser seg litt rundt, vil dere se at det er laget uteplasser veldig mange steder.

Jeg er altså pålagt å rive uteplassen min. Dette godtar jeg ikke. Spesielt ikke fordi nasjonalparkstyret foreslår at jeg kan lage en uteplass som etter beskrivelsen i vedtaket vil være svært lik den jeg har. I vedtaket står følgende:

«Med bakgrunn i tidlegare vedtak om retting (2015/5516) må belegningsstein og mur fjernast og terrenget under først attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Det kan leggest lause heller i naturstein på arealet som kan planerast utan muring. Bakken langs punkt A og B i figuren nedanfor skal gå jamt med bakken omkring. Det er noko skrånande terreng langs grunnmuren. Langs punkt C kan det eventuelt ligge att ei rekke med stein som blir fylt ned med jord slik at det blir eit flatt areal framfor grunnmuren. På arealet kan det leggjast lause heller av naturstein slik det var søkt om tidlegare».

Slik jeg ser det, vil dette bli en uteplass som er lik den jeg har i dag, men som er bygget etter nasjonalparkstyrets «anvisning».

Nasjonalparkstyret har også vurdert det slik, da fristen for å gjennomføre rivingen av uteplassen ble satt, at utsettelsen ikke vil påvirke verneverdiene eller verneformålet nevneverdig. Jeg tolker dette dithen at styret ikke mener at uteplassen strider mot hverken verneforskriftene eller bestemmelser i naturmangfoldloven på en slik måte at det skader området.

Jeg mener at å pålegge meg å rive uteplassen er nærmest anstaltmakeri og jeg påberoper meg usaklig forskjellsbehandling hvis uteplassen må rives. Som nevnt så er det ikke uvanlig å ha hverken terrasser, veranda eller platting i tilknytning til seterhus og hytter i Breheimen og det kan derfor ikke hevdes at min uteplass er i strid med lokal tradisjonell byggeskikk.

Jeg forventer at dere sender klagen til riktig organ, slik at den kan behandles. Jeg gjør oppmerksom på at denne klagen er rettidig i forhold til når jeg fikk siste brevet fra nasjonalparkstyret.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mysubytta landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfoldlova.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Mysubytta landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne som utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

Med bakgrunn i at dette er ei klage blir det nedanfor opplyst om delar av kva slags lovverk frå forvaltningslova som er relevante for saka.

I forvaltningslovas § 29 står det at klagefristen er 3 veker etter at vedtaket har kome fram til vedkommande part eller frå det tidspunkt vedkommande har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket.

I § 31 står det at sjølv om den som klagar ikkje har overhalde klagefristen, kan klagen bli teke til behandling såfram:

- a) parten eller hans fullmektig ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*
- b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.*

Ved vurdering om klagen bør takast opp til behandling, skal det også leggjast vekt på om ei endring av vedtaket kan medføre skade eller ulempe for andre.

Ei klage kan ikkje behandlast som ei klagesak dersom det har gått meir enn eit år sidan vedtaket vart gjort.

Forvaltningsplan

I pkt. 3.5.2. i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det under retningslinjer for forvaltning og bruk at:

- *Bygging av terrasse, veranda og platting er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk og vil ikkje vere tillate.*

Vurdering

Rita Brekkum har sendt inn klage i samband med nasjonalparkstyrets vedtak om utsett frist for fjerning av platting ved seterhus i Myubytta landskapsvernområde. Slik nasjonalparkforvaltar tolkar klagen blir det ikkje klaga på vedtaket frå styremøte den 24.11.2021 om utsett frist for retting, men på tidlegare vedtak frå styremøte den 06.12.2018 om retting og fjerning av etablert platting i støypt belegningsstein. Det blir derfor lagt til grunn at det er dette vedtaket som blir påklaga.

For å få med heile historikken i saken er det nødvendig å gå tilbake til søkjar sin fyrste søknad (datert 04.09.2015). I denne søknaden er det gjort greie for historia og tilstanden til setra, samt kva slags tiltak som er ønskeleg i samband med restaurering og utviding. I søknaden under avsnittet *Tilbygg* skriv søkjar følgjande: «*Er klar over at påtegned terrasse ikkje blir godkjent*». Søkjar viser her til dei fyrste teikningane som er gjort i samband med søknaden om utviding og restaurering av bygninga. Etter dette blir søknaden oversendt til avdeling for kulturarv hos Oppland fylkeskommune for uttale. I fleire e-postar mellom tidlegare nasjonalparkforvaltar og saksbehandlar hos Oppland fylkeskommune blir det frå sistnemnte uttrykt følgjande: «*Veranda kan ikkje tillates, det framgår av søknaden at eier er inneforstått med dette*».

Etter dette blir søknaden behandla av nasjonalparkstyret den 05.04.2016. Her vart det gjeve løyve til restaurering og utviding med vilkår. I nest siste kulepunktet i lista over vilkår står følgjande: «*Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda*». Etter dialog med tidlegare forvaltar kjem søkjar med eit nytt forslag til teikning av bygningen som blir godkjent av forvaltar med ei presisering av måla på utvidinga av bygningen. I forslaget er det teikna inn og beskrive eit område på 3 x 7 meter aust for bygningen som er hellelagt med naturheller.

Statens naturoppsyn Breheimen (SNO) gjennomførte tilsyn på eigendommen den 14.10.2016. Der vart det funne fleire avvik samanlikna med vedtaket som vart gjeve tidlegare. Utvidinga av bygningen i lengderetninga var 40 cm lengre enn det som var gjeve løyve til. I den same rapporten frå SNO er det også påpeika at det er kome opp ein platting med belegningsstein som er 6,9 x 2,9 meter. I etterkant av dette tilsynet gjer nasjonalparkstyret vedtak om retting av plattingen i styremøte den 06.12.2018. I det same vedtaket står det også om avviket i samband med utvidinga av bygningen at «... *avviket under tvil kan akseptast*».

Hausten 2019 kjem Brekkum med søknad om utsett frist for gjennomføring av tilbakeføring. Bakgrunnen for dette er gjort greie for i vedtaket frå styremøte den 24.11.2021.



Bilete av plattingen. Foto: Statens naturoppsyn Breheimen.

Ut frå historikken meiner nasjonalparksforvaltar at Brekkum eigentleg ikkje har søkt om oppføring av platting, veranda eller terrasse. I søknaden frå 2015 står det tydeleg at søkjar er klar over at verandaen ikkje vil bli godkjent og dette kjem også fram som eit eige punkt i villkåra i vedtaket frå 2016. Sjølv om byggjeteikningane i forslag 1 og 2 er noko forskjellige, meiner nasjonalparksforvaltar at det er tydeleg i saka at det ikkje kan byggjast platting, veranda eller terrasse i tilknytning til seterhuset. Nasjonalparksforvaltar kan heller ikkje sjå at søkjar har uttrykt noko ønske om dette i søknadane sine. Nasjonalparksforvaltar konkluderer derfor med at Brekkum har bygd ein platting aust for seterhuset utan å ha søkt og utan gyldig løyve.

Nasjonalparksforvaltar meiner at Brekkum er for seint ut med å klage på vedtaket om retting som vart gjort den 06.12.2018. Vedtaket vart oversendt til Brekkum i e-post den 17.12.2018 med tre vekers klagefrist. Brekkum har derimot hatt moglegheit til å klage på vedtaket om utsett frist for gjennomføring frå styremøtet den 24.11.2021. Dette vedtaket vart ikkje sendt ut

før den 01.04.2022 fordi protokollen ikkje vart endeleg godkjent før i slutten av januar og at det seinare vart ein del sjukdom i sekretariatet. I klaga er det ikkje nemnt noko om at tidsfristen for rettinga blir påklaga. Etter nasjonalparkforvaltar si vurdering er det berre denne tidsfristen som Brekkum kunne klage på nå.

Med bakgrunn i dette ser ikkje nasjonalparkforvaltar at det er noko moment i saka som gjer at ein kan behandle klaga. Nasjonalparkstyret må avvise klaga med heimel i forvaltningslova § 31 tredje ledd: «*Klagen kan ikke tas under behandling som klagesak dersom det er gått mer enn ett år siden vedtaket ble truffet*». Det er heller ikkje synleggjort ting i saka som gjer den såpass spesiell at ein bør gjere unntak for dette. Brekkum har bygd noko det ikkje er søkt om og det har gjennom heile prosessen vore tydeleg kommunisert kva slags reglar som gjeld i samband med bygging av veranda, platting eller terrasse.

Konklusjon

Vedtaket som Brekkum klagar på vart gjort den 06.12.2018 og i utgangspunktet er det tre veker klagefrist på dette vedtaket. Klage på dette vedtaket er ikkje kome innanfor denne tidsfristen. Det er ikkje klaga på den ny tidsfristen for retting av tiltaket i vedtaket som vart behandla den 24.11.2021.

Med bakgrunn i forvaltningslova § 31 tredje ledd må klaga avisast.

Nasjonalparkstyret sitt tidlegare vedtak om utsett frist er framleis gjeldande og plattingen må fjernast innan 20. juli 2022.



**Breheimen
nasjonalparkstyre**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Skjåk utmarkssenter (v/Skjåk
Almenning), 2690 Skjåk og
Luster kommune,
Kommunehuset, 6868 Gaupne

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47 61 26 62 10
sfinpost@statsforvalteren.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/breheimen>

Rita Brekkum
Bråtåvegen 995
2693 NORDBERG

Saksbehandler Stein Magne Grevrusten

Vår ref. 2019/16363-5 432.3

Dykkar ref.

Dato 01.04.2022

Mysubytta LVO- Utsett frist for gjennomføring - Riving av plattung framfor seterhus - Rita Brekkum

I styremøte den 24. november 2021 har Breheimen nasjonalparkstyre behandla søknad om utsett frist for riving av plattung framfor seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Plattung skal fjernast innan 20. juli 2022. Det blir elles vist til vurderinga nedanfor og vilkår i vedtak med krav om retting med saksnummer 2015/5516.

Ta kontakt dersom det er spørsmål til saka.

Med helsing

Stein Magne Grevrusten
nasjonalparkforvaltar

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift



Saksframlegg

Arkivsaksnummer: 2019/16363-4

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 16.11.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	25/21	24.11.2021

Mysubytta LVO- Utsett frist for gjennomføring - Riving av platting framfor seterhus - Rita Brekkum

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 24. november 2021 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Rita Brekkum utsett frist for riving av platting framfor seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Platting skal fjernast innan 20. juli 2022. Det blir elles vist til vurderinga nedanfor og vilkår i vedtak med krav om retting med saksnummer 2015/5516.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 24.11.2021

Vedtak

I styremøte den 24. november 2021 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Rita Brekkum utsett frist for riving av platting framfor seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Platting skal fjernast innan 20. juli 2022. Det blir elles vist til vurderinga nedanfor og vilkår i vedtak med krav om retting med saksnummer 2015/5516.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendes til Breheimen nasjonalparkstyre.



Dokument i saka

- Søknad om utsett frist for gjennomføring av retting. Rita Brekkum. Datert 26. august 2019.
- Vedtak om retting av tiltak. Breheimen nasjonalparkstyre. Styremøte 6. desember 2018.
- Mysubytta landskapsvernområde - Dispensasjon - 2015 - Restaurering og tilbygg til seterhus på Brekkomsetra gnr. 246/1 - Rita Brekkum Saksnummer 2015/5516

Saksopplysningar

I søknad datert den 26. august 2019 søker Rita Brekkum om utsett frist for gjennomføring av retting/fjerning av platting framfor seterhus i Mysubytta landskapsvernområde. Brekkum søker om utsetting av fristen med bakgrunn i spørsmål om gjennomføringa som kom fram i synfaring den 23. september 2019.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Mysubytta landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Mysubytta landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk verdi, kulturell verdi, opplevingsverdi, og som er identitetsskapande.

Vidare er føremålet med vernet å:

- ta vare på verdifullt setermiljø, vegetasjon og kulturminne som utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.
- ta vare på eit stort samanhengande naturområde med rikt dyre- og planteliv som pregar landskapet.
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer.
- ta vare på vakker og særprega vassdragsnatur.

Ålmenta skal ha høve til natur- og landskapsoppleving gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I § 69 i naturmangfaldlova om retting og avbøtande tiltak står det:

Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.

Den som ved å overtre loven eller vedtak med hjemmel i loven forårsaker fare for forringelse av naturmangfoldet, skal sette i verk tiltak for å forhindre at slik forringelse



skjer. Har forringelsen allerede inntrådt, gjelder plikten hindring av ytterligere forringelse og – om mulig – gjenoppretting av den tidligere tilstand for mangfoldet ved oppsamling, rydding, fjerning, planering eller andre egnede tiltak. Tiltak som i seg selv kan medføre miljøforringelse av noen betydning, skal bare iverksettes etter samtykke av myndigheten etter loven eller pålegg etter første ledd. Plikten til forebygging, utbedring og gjenoppretting gjelder ikke i den utstrekning det i lys av kostnadene og virkningene av tiltakene, miljøvirkningene av overtredelsen og overtreders skyld og økonomiske stilling, ville være særlig urimelig. Tiltak etter denne paragrafen kan gå ut på avliving av fremmede organismer som overtredelsen gjelder, eller tilbakeføring av levende organismer til opprinnelsesstedet.

Myndet til å pålegge retting er i brev frå Miljødirektoratet (datert 14.11.2016) delegert til nasjonalparkstyret som forvaltningstyremakt for verneområda.

Forvaltningsplan

I pkt. 3.5.2. i forvaltningsplanen for verneområda i Breheimen står det under retningslinjer for forvaltning og bruk at:

- *Bygging av terrasse, veranda og platting er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk og vil ikkje vere tillate.*

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området blir vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1(Føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. § § 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).

Vurdering

Den 4. september 2015 søkte Rita Brekkum om å få restaurere seterhuset som ho har på Mysubytta. Saka vart sendt Oppland fylkeskommune ved kulturavdelinga til uttale. Denne uttala var med å danna grunnlaget for sak til nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkstyret behandla saka i møte 5. april 2016 og Rita Brekkum fekk løyve til å restaurere seterhuset på visse vilkår. Vedtaket frå nasjonalparkstyret den 5. april 2016 er slik:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek, med heimel i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3. bokstav a, å gje Rita Brekkum, Skjåkvegen 2951, 2693 NORDBERG, løyve til å restaurere og utvide seterhuset ho har i Mysubytta landskapsvernområde. Det er sett følgjande vilkår:

- *Huset skal fortsatt ha sitt opphavlege preg som seterhus.*
- *Huset kan utvidast med inntil 3 meter i møneretninga mot aust (mot Sota)utvendig mål.*



- *Tilbygget skal ha same breidde og høgd som eksisterande seterbygning.*
- *Den gamle taksteinen kan skiftast ut med ny taktekkning. Det nye taket må vera ei form for mørk og matt taktekkning. Alternativt torvtak eller tretak. Takutstikket må forlengast.*
- *Nye vindauge skal ha same dimensjonar som eksisterande vindauge i bygningen.*
- *Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda. (forvaltar si understreking)*
- *Vindauge og evt. lemmar for vindauga bør ha same farge som bygningen.*

Statens naturoppsyn Breheimen gjorde kontrollmåling av restaurert seterhus den 14. oktober 2016. Der vart det bl.a. registrert at det var bygd ein platting med måla 6,90 meter x 2,90 meter. Som dekke på plattingen var det brukt belegningsstein i betong som er støypt fast til underlaget. Dette var ikkje i tråd med nasjonalparkstyret sitt vilkår i kulepunkt 6: *Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda.*



Seterhuset med platting.

Breheimen nasjonalparkstyre behandla saka som gjeld avviket med plattingen i styremøte den 6. desember 2018. Bakgrunnen for vedtaket er bl.a. at i forvaltingsplan for Breheimen, punkt 3.5.2, er det ikkje opna for å etablere terrasse, veranda eller platting i verneområdet.

Nasjonalparkstyret gjorde følgande vedtak (saksnr. 2015/5516):

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å pålegge Rita Brekkum, eigar av Brekkumssetra i Mysubytta landskapsvernområde, retting av platting ved seterhuset. Pålegget er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69. Vilkår:

- *Belegningsstein og mur må fjernast og terrenget under førast attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Det kan leggest lause heller i naturstein på arealet som kan planerast utan muring.*
- *Frist for gjennomføring av rettinga er 1. oktober 2019.*




- *Rettinga skal godkjennast av nasjonalparkforvaltaren etter retting.*

Nasjonalparkforvaltar gjennomførte ei synfaring med tiltakshavar på Mysubytta den 23. august 2019. Det kom da opp spørsmål om korleis rettinga skulle gjennomførast og kva som eventuelt kunne stå att etter muren. Den 26. september 2019 gjennomførte delar av nasjonalparkstyret ei synfaring i Mørkridsdalen landskapsvernområde og da tok nasjonalparkforvaltar opp søknaden om utsetjing av frist for retting med styret. Det vart også vist til bilete av tiltaket og moglege løysingar på korleis plattingen skulle rettast. Det vart gjeve aksept for utsetjing av fristen for retting og nasjonalparkforvaltar fekk anledning til å skissere korleis dette skulle sjå ut etter at rettinga var gjort. Etter dette vart det prøvd å få til ei synfaring i 2020, men i 2021 vart det gjennomført ei ny synfaring for å sjå på korleis rettinga skulle løysast.

For framdrifta i saka er det nødvendig at nasjonalparkstyret sett ein endeleg dato for når rettinga skal vera gjennomført. Dette burde vore gjort i eit skriftleg vedtak tidlegare, noko nasjonalparkforvaltar tek sjølvkritikk for at ikkje vart gjort. Nasjonalparkforvaltar meiner at tiltaket må rettast i samsvar med vedtaket som vart gjort av nasjonalparkstyret den 6. desember 2018, og at ein ny tidsfrist fram til 20. juli 2022 er rimeleg for å få gjennomført rettinga. Utsett frist for gjennomføring vil ikkje påverke verneverdiane eller verneformålet nemneverdig.

Gjennomføring

Med bakgrunn i tidlegare vedtak om retting (2015/5516) må belegningsstein og mur fjernast og terrenget under førast attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Det kan leggjast lause heller i naturstein på arealet som kan planerast utan muring. Bakken langs punkt A og B i figuren nedanfor skal gå jamt med bakken omkring. Det er noko skrånande terreng langs grunnmuren. Langs punkt C kan det eventuelt liggje att ei rekke med stein som blir fylt ned med jord slik at det blir eit flatt areal framfor grunnmuren. På arealet kan det leggjast lause heller av naturstein slik det var søkt om tidlegare.





Arkivsaksnummer: 2015/5516-11

Saksbehandlar: Bjørn Dalen

Dato: 17.10.2018

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	35/18	06.12.2018

Retting - Mysubytta landskapsvernområde - Etablert uteplatting i støppt beleggingsstein - på Brekkomssetra - Rita Brekkum.

Innstilling frå forvaltar

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å pålegge Rita Brekkum, eigar av Brekkumssetra i Mysubytta landskapsvernområde, retting av platting ved seterhuset. Pålegget er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69.

Vilkår

- Beleggingsstein og mur må fjernast og terrenget under førast attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Det kan leggest lause heller i naturstein på arealet som kan planerast utan muring.
- Frist for gjennomføring av rettinga er 1.oktober 2019.
- Rettinga skal godkjennast av nasjonalparkforvaltaren etter retting.

--- slutt på innstilling ---

Saksprotokoll i Breheimen nasjonalparkstyre - 06.12.2018

Vedtak

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek å pålegge Rita Brekkum, eigar av Brekkumssetra i Mysubytta landskapsvernområde, retting av platting ved seterhuset. Pålegget er gjort med heimel i naturmangfaldlova § 69.

Vilkår

- Beleggingsstein og mur må fjernast og terrenget under førast attende til det nivå som var før tiltaket vart gjennomført. Det kan leggest lause heller i naturstein på arealet som kan planerast utan muring.

- Frist for gjennomføring av rettinga er 1.oktober 2019.

Rettinga skal godkjennast av nasjonalparkforvaltaren etter retting.

Samrøystes som innstillinga.

Dokument i saka

- Søknad dagsett 04.09 2015. Med vedlagt skisse frå arkitekt dagsett 27.08.2015.
- Brev til Oppland fylkeskommune v/kulturarv, dagsett 04.09 2015
- Bedt om fagleg vurdering i forhold til forvaltningsplan forslaget, 04.02.2016.
- Purring av uttale frå nasjonalparkforvaltaren til Oppland fylkeskommune dagsett 01.02.2015.
- Fagleg uttale frå Oppland fylkeskommune dagsett 04.02 2016.
- Høyringsuttale frå Oppland fylkeskommune dagsett 01.02 2016.
- Teikningar motteke 03.03.2016 av restaureringa/utvidinga - Rita Brekkum.
- Sak frå møte 05.04.2016- Mysubytta landskapsvernområde - Restaurering og utviding av seterhus - Rita Brekkum.
- E-post motteke 14.04.2016 - Mysubytta landskapsvernområde - Spørsmål om inngangspartiet på Brekkumssetra- Rita Brekkum.
- Brev/svar på spørsmål om 15.04.2016 inngangspartiet- Mysubytta landskapsvernområde - Restaurering og påbygg på seterhus, Brekkumssetra - Rita Brekkum.
- Sak ut 15.04.2016 - Brev Mysubytta landskapsvernområde - Restaurering og påbygg på seterhus, Brekkumssetra - Rita Brekkum.
- Rapport 2016 - Mysubytta landskapsvernområde - Utviding / restaurering av Brekkum setra på Mysubytta - SNO v/Øyvind Angard, dagsett 14.10.2016.

Saksopplysningar

4.september 2015 søkte Rita Brekkum om å få restaurere seterhuset som ho har på Mysubytta. Saka vart sendt Oppland fylkeskommune ved kulturavdelinga til uttale. Denne uttala var med å danna grunnlaget for sak til nasjonalparkstyret.

Nasjonalparkstyret hansama saka i møte 5. april 2016. Brekkum fekk løyve til å restaurere seterhuset på visse vilkår. I byggeprosessen sumaren 2016 vende Brekkum seg til nasjonalparkforvaltaren med spørsmål om det var mogleg å få tak over inngangspartiet og hellelagt område framfor seterhuset for å få ein tilnærma svalgang.

Vedtakt frå nasjonalparkstyret 05.04.2016 lydde:

Breheimen nasjonalparkstyre vedtek, med heimel i verneforskrift for Mysubytta landskapsvernområde § 3 pkt. 1.3. bokstav a, å gje Rita Brekkum, Skjåkvegen 2951, 2693 NORDBERG, løyve til å restaurere og utvide seterhuset ho har i Mysubytta landskapsvernområde. Det er sett følgjande vilkår:

Vilkår.

- *Huset skal fortsatt ha sitt opphavlege preg som seterhus.*


- Huset kan utvidast med inntil 3 meter i møneretninga mot aust (mot Sota) utvendig mål.
- Tilbygget skal ha same breidde og høgd som eksisterande seterbygning.
- Den gamle taksteinen kan skiftast ut med ny taktekkning. Det nye taket må vera ei form for mørk og matt taktekkning. Alternativt torvtak eller tretak. Tak-utstikket må forlengast.
- Nye vindauger skal ha same dimensjonar som eksisterande vindauger i bygningen.
- Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda.
- Vindauger og evt. lemmer for vindauga bør ha same farge som bygningen.

Når det gjeld byggeløyve må dette avklarast med Skjåk kommune.

14.04.16 fekk nasjonalparkforvaltaren e-post frå Brekkum med følgjande teikning og spørsmål:

Her er forslag 2. Hva syns du om inngangspartiet ?

Er det mulig å få tak over noe av det som er hellelagt og inngangen da ble det nærmest en slags svalgang ? Rita Brekkum.



Tilsendt teikning frå tiltakshavar.

Når det gjeld hellegging så tok nasjonalparkforvaltaren kontakt med Skjåk kommune v/Per Dagsgard. Han kunne fortelje at Skjåk kommune som bygningsmynde godkjende at det kunne leggjast lause heller av naturstein over eit område ved slike bygningar.

Nasjonalparkforvaltaren ga dette svaret til Brekkum:

Viser til teikning med kommentar motteke 14.04.2016.

Teikninga du har lagt ved ser bra ut. Vi vil presisere at eksisterande bygning kan utvidast maksimum 3.00 meter utvendig mål austover. Når det gjeld det hellelagde området så spør du om det er mogleg å få tak over noko av det. Det er det ikkje mogleg å få til. Da vil huset prege landskapet på ein annan måte enn det som er vanleg. Taket over inngangen kan trekkast ut over inngangsdøra til vindfanget så langt at det kjem i flukt med austveggen. Dette utgjør berre 0,50 m. Føresetnaden for dette er at Skjåk kommune godkjenner det. Vi viser til teikninga vedlagt her.

*Med helsing
Bjørn Dalen
Nasjonalparkforvaltar*

Prosjektet vart synfare av SNO v/ Øyvind Angard den 14.oktober 2016. Vi viser til vedlegget i saka. Måla på huset før og etter bygging er :

Bredde: 7,25 m / 7,25 m

Lengde: 10,60 m / 7,20 m + 3,00 m =10,20 m, godkjent tilbygg

Mønehøgd: 3,85 m

Høgde grunnmur til raftlæggje: 1,85 m

Platting/terrasse (ny)

Bredde: 6,90 m / ny

Bredde: 2,90 m / ny

Heimelsgrunnlag

Verneformål – forskrift

Verneforskrifta for Mysubytta landskapsvernområde dagsett 07.08.2009 set strenge krav i føremålet for vernet med at ein mellom anna skal – *ta vare på eit verdifult setermiljø, vegetasjon og kulturminne som utgjer ein vesentleg del av landskapet sin eigenart.*

I § 3 pkt.1.1 heiter det mellom anna:

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sitt serpregeller karakter. --.

Verneforskrifta heimlar i § 3 pkt. 1.3. bokstav a, at: *Forvaltingstyresmakta kan gi løyve til: ombygging og utviding av bygningar.*

Forvaltningsplan

Forvaltningsplanen vart godkjent av Breheimen nasjonalparkstyre 01.03.2017. Før den tid brukte nasjonalparkforvaltaren utkastet til forvaltningsplan som ei rettesnor i forvaltninga. I forvaltningsplane heiter det mellom anna:

3.5.2 OMBYGGING OG MINDRE UTVIDING (TILBYGG) AV BYGNINGAR

Bygging av terrasse, veranda og platting er ikkje i samsvar med lokal, tradisjonell byggjeskikk og vil ikkje vere tillate.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova inneheld fleire bestemmelsar om sanksjonering.

I dette tilfelle vil naturmangfaldlova § 69, som heimlar plikt til retting. Avbøtande med reversering av tiltaket vil vere best alternativet for sanksjon.

Presedens

Saka strir mot gjeldande retningsline i forvaltningsplanen. Det vil vera umogleg å godkjenne eit slikt tiltak som plattingen med bakgrunn i retningslinene. Presedensverknaden av tiltaket blir borte om tiltaket blir retta i tråd med gjeldande praksis for slike uteområde og legging av lause helle av naturstein.

Vurdering



Seterhuset med inngangsparti før restaurering.



Plattingen etter ferdigstilling.



Plattingen etter ferdigstilling - detalj.

Huset

Huset er bygd i tråd med godkjent byggesøknad med unntak av at det er 40 cm lenger enn planlagt. Tilbygget er drege ut i lengderetninga 3 meter og inngangspartiet er bygt inn slik at det jamnfell med huset. Dette er i tråd med forslaget frå nasjonalparkforvaltar i byggeprosessen. Lengda er 10,60 meter i staden for 10,20 meter. Ut ifrå praksis meiner ein at dette avviket under tvil kan akseptrast.

Platting

Når det gjeld plattingen så er den bygt opp med mur i betong og naturstein i forkant mot dalen. Den er målt til 6,90 meter x 2,90 meter = 20 kvm. Som dekke på plattingen er det brukt beleggingsstein i betong som er støypt fast til underlaget. Dette er ikkje i tråd med vilkåra knytt til vedtaket frå nasjonalparkstyret og presisert av nasjonalparkforvaltar. Dette lyder :

- *Det blir ikkje gjeve løyve til bygging av terrasse, platting eller veranda.*

Konklusjon

I forvaltingsplan for Breheimen, punkt 3.5.2, er det ikkje opna for å etablere terrasse, veranda eller platting i verneområdet. Med dette som bakgrunn meiner nasjonalparkforvaltaren at tiltaket på Brekkumssetra i Mysubytta landskapsvernområde må rettast etter naturmanfaldlova § 69 som lyder:

§ 69.(retting og avbøtende tiltak)

Myndigheten etter loven kan pålegge den ansvarlige å rette eller stanse forhold som er i strid med loven eller vedtak med hjemmel i loven.

Den som ved å overtre loven eller vedtak med hjemmel i loven forårsaker fare for forringelse av naturmangfoldet, skal sette i verk tiltak for å forhindre at slik forringelse skjer. Har forringelsen allerede inntrådt, gjelder plikten hindring av ytterligere forringelse

og – om mulig – gjenoppretting av den tidligere tilstand for mangfoldet ved oppsamling, rydding, fjerning, planering eller andre egnede tiltak. Tiltak som i seg selv kan medføre miljøforringelse av noen betydning, skal bare iverksettes etter samtykke av myndigheten etter loven eller pålegg etter første ledd.

Plikten til forebygging, utbedring og gjenoppretting gjelder ikke i den utstrekning det i lys av kostnadene og virkningene av tiltakene, miljøvirkningene av overtredelsen og overtrederens skyld og økonomiske stilling, ville være særlig urimelig.

Tiltak etter denne paragrafen kan gå ut på avliving av fremmede organismer som overtredelsen gjelder, eller tilbakeføring av levende organismer til opprinnelsesstedet.

Myndet for å pålegge retting er i brev frå Miljødirektoratet datert 14.11.2016 delegert til nasjonalparkstyret som forvaltingstyremakt for verneopmråda.



Arkivsaksnummer: 2019/8570-17

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 23.05.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	16/22	02.06.2022

Sak - Breheimen NP - 2022 - Klage på vedtak ang. bru i Lundadalen - Lundadalen heimraster v/ Ola Moen

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 2. juni 2022 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å oppretthalde tidlegare vedtak i styresak 5/22. Det er ingen nye moment i klaga som gjev grunnlag for at nasjonalparkstyret skal endre sitt vedtak i saka om avslag på søknad om oppføring av nye bruer i Lundadalen. Vedtaket er gjort med heimel i forvaltningslova § 33 andre ledd.

Klaga med alle saksdokument blir sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd, jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

1. Avslag på søknad om oppføring av bru. Styresak 5/22. Styremøte Breheimen nasjonalparkstyre den 18.03.2022.
2. Uttale nr. 2 frå NVE, datert 01.02.2022.
3. Søklar sine tilleggsopplysningar til NVE, datert den 17.11.2021.
4. Tilleggsopplysningar til den reviderte søknaden, datert den 17.11.2021.
5. Revidert søknad frå Ola Moen, datert 14.05.2021.
6. Liste over føreslegne tiltak langs eksisterande stig på sørsida av dalen, datert 10.06.2021.
7. Behandling av søknad i nasjonalparkstyret på styremøte den 12.12.2019. Sak utsett i påvente av fleire opplysningar (saksnr. 2019/8570-6).
8. Uttale nr. 1 frå NVE, datert 03.07.2019.
9. Uttale frå landbrukskontoret i Skjåk kommune datert 09.07.2019, motteke 28.10.2019.

10. Søknad om opprusting av veg og bygging av bru solsida Lundadalen frå Ola Moen på vegne av eigarlaget Heimraster, datert 14.10.2019.

Saksopplysningar

Klaga i si heilheit er attgjeven nedanfor:

Vi vil med dette klage på avslaget om å sette opp bru over Grotåa i Lundadalen. Grunnlaget for klag vil vi punktvis legge fram.

NVE sin uttale og vurdering av tiltaket der dei bl. a. skriv at det er stor usikkerheit knytt til den vassdragstekniske utforminga. Dette var brukt som argument frå nasjonalparkstyret. NVE kan ikkje si om dette er positive eller negative usikkerheiter. Dei har ikkje vore på synfaring, berre teke opplysningar frå kartverket. Vi føler dette er eit bestillingsverk frå nasjonalparkforvaltar.

Vi kan ikkje forstå at det å bygge bru over Grotåa byr på vasstekniske problem for NVE og nasjonalparkstyret, når det ikkje er det for andre med kompetanse og har vore på synfaring på staden. Vegetasjonen i området viser at det ikkje er rasutsett i dette området.

Det har tidlegare vore bru over Grotåa, dette er dokumentert med bilde i søknaden.

Det var sagt da nasjonalparken vart oppretta at vernet ikkje skulle være til hinder for nytte av utmarksbeitet i området, Politikken til nasjonalpark styret i denne saka er til hinder for å få nytta beitet på lik linje som tidlegare.

I forvaltningsplanen er det rom for å gje løyve til oppsetting av nye bruer i beitesamanheng i nasjonalparken. det vil da bli lagt vekt på om det har vore bru der tidlegare, til dømes restar etter gamle brukar eller liknande. I kap. 3.2.1 står de mellom anna at det kan etter søknad gjevast løyve til oppsetting av bruer og klopper, når det ligg føre eit dokumentert behov som ikkje blir dekt av andre eksisterande anlegg.

Det blir feil av nasjonalpark styret å si at det er etablert sti mellom 2 bruer, som kan tene til dette formålet. Styret må sjå på kartet og sette seg betre inn i forholda der. Kvifor var ikkje nasjonalpark styret på synfaring her, men henvist til eksisterande på baksida av forvaltaren. Område mellom heimsetra og Grotåa blir utan bru og vil da ikkje bli nytta som beite, området har alt vorte mykje meir grodd att en det var tidlegare.

Det er vist til ein ulovleg bygd veg i fylgje forvaltaren, etter denne foregjekk all transport inn i Lundadalen tidlegare. Når vi køyrde etter denne med snøscooter tidlegare brukte vi under 30 minutt (7km) til Yste sætrane. I dag blir det køyrd frå Sota, det går fort 8 timar om føret i det heiletatt tillet å køyre. Ein køyre gjennom eit mykje større område for vilrein om ein køyrer frå Sota en om ein køyrer Lundadalen innover. Det har så vidt eg veit aldri vore søkt om etablering av anleggsveg til elvekryssinga ved Grotåa. Dette er feil informasjon gjeve av forvaltaren.

Det er plan vår å ta ut sand til støyping av brufundament ved Grotåa, her ligg det sand opp i dagen, og det vil ikkje bli varige sår i naturen. Dette ville bli eit mykje mindre inngrep i naturen en det som alt er gjort på stien på baksida. Der vart det teke mykje masse i samband med brubygginga etter flommen i 2018.

Forskjellsbehandling

Kvifor forskjellsbehandlar styret de forskjellige aktørane i Lundadalen? DNT trengte ikkje godkjenning frå NVE for flytting og oppsetting av ny bru over elva uti dalen. Der brua står nå, har det aldri vore bru før og det skulle aldri vore oppført nokor bru der heller. Alle lover og vernereglar vart sett til side, da brua fører rett inn i reinstrekket på baksida av elva der Lundadalen er på sitt smalaste, da vatnet deler dalen i to. Men det var vist ikkje naudsynt å bruke føre var prinsippet her da. Det er vist berre mot oss grunneigarar dette skal brukast. Vi skal vike plass for DNT sine turistar og innstallasjonar. Heldigvis kjem det andre signal frå myndigheitane nå, sidan villreinen er komen på raudlista.

Forvaltar og Almenningsstyrar sin ide om å ruste opp stien enda meir på baksida har vi liten tru på, korleis skal kyrne gå i trappesteg opp Ersbakkane? Forslaget er dårleg planlagt av forvaltaren. Enda meir utbetring på stien på baksida vil gje enda meir sår i naturen og ein kostnad snart like stor som planlagt bru over Grotåa.

For å få dette så skånsomt som mogleg måtte det væra det mest rette å bruke helikopter til frakt og montering av bru over Grotåa, på lik linje med det som var gjort over Skjøle, kan ikkje skjønne det blir noko anna en ein vinn vinn situasjon for alle partar. Det er fort dette blir rimelegare en tiltaka som er tenkt på baksida.

Vil likevel til slutt påpeike at det er for å få tilgang til utmarksbeite i Lundadalen på ein forsvarleg og trygg vi ynskjer bru over Grotåa.

Heimelsgrunnlag

§§ 28-34 i forvaltningslova gjev heimelsgrunnlaget for behandling av klagar på enkeltvedtak. Ei klage skal alltid sendast det forvaltningsorganet som har fatta vedtaket. I tråd med forvaltningslova § 33 skal underinstansen forberede klagen. Nasjonalparkstyret skal derfor forberede klaga og kan endre eller oppheve vedtaket som er påklaga dersom dei finn klaga grunngeve. Dersom vilkåra for å behandle klaga ikkje føreligg skal underinstansen avvise saken (jf. forvaltningslova § 33, andre ledd). Blir vedtaket det klages på oppretthalde sendes klaga over til Miljødirektoratet som er klageinstans (jf. forvaltningslova § 33, fjerde ledd).

Når det gjeld heimelsgrunnlag for delegering og behandling etter verneforskrift og naturmangfaldlova blir det vist til vedtak i styresak 5/22 med saksnummer 2019/8570-13.

Vurdering

Klagevilkår

Vedtaket det er klaga på er eit enkeltvedtak. Klagar er part i saka og har rettsleg klageinteresse (jf. forvaltningslova § 28). I forvaltningslova § 29 går det fram at klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er kome fram til vedkommande part, eller frå det tidspunkt han har fått eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket. Vedtaket vart sendt ut på e-poste

den 7. april 2022 og klaga vart motteke den 27. april 2022. Klaga er såleis levert innanfor tidsfristen.

Innhaldet i klaga

Etter ein gjennomgang av klaga har nasjonalparkforvaltar trekt ut 8 hovudpunkt i klaga (sjå også fullstendig klage på side 2). Nasjonalparkforvaltar sin vurdering kjem fram etter dei svarte kulepunktta i kvart enkelt hovudpunkt nedanfor:

1. I klaga blir det skrive at nasjonalparkstyret har argumentert med NVE sin uttale der NVE bl.a. peikar på at det er knytt stor usikkerheit til den vassdragstekniske utforminga. Klagar påpeiker at NVE ikkje har vore på synfaring og at uttala frå NVE står fram som eit bestillingsverk frå nasjonalparkforvaltar.
 - NVE har kome med to uttaler i denne saka som angår søknaden om oppføring av ny bru over Grotåe i Lundadalen. Den fyste uttala kom i 2019 og den siste i 2022. Både uttalane er negative til tiltaket slik det er presentert gjennom søknadane. NVE har gjort sjølvstendige vurderingar ut frå tilgjengeleg informasjon gjennom søknadane, ulike databasar og den generelle kompetansen som NVE innehar på dette feltet. Nasjonalparkforvaltar ser ikkje nokon grunn til å tvile på NVE sin kompetanse i denne samanhengen.
2. I klaga står det at det har vore ei bru over Grotåe på denne plassen tidlegare. Ved oppretting av nasjonalparken skulle ikkje vernet vera til hinder for å nytte utmarksbeite på lik linje som tidlegare. Politikken til nasjonalparkstyret i denne saka er til hinder for å nytte beite på lik linje som tidlegare. Det blir også vist til ordlyd i verneforskrift og forvaltningsplan ang. oppføring av bruer.
 - Det er riktig at det har vore ei bru over Grotåe på omtrent same staden tidlegare og at ein moglegvis kan sjå restane etter ein stor stein som var brukt i brukaret på vestsida av Grotåe. Det er ikkje dokumentert når denne stod her, men det er grunn til å tru at denne kanskje var her så seint som på 1950-tallet. Denne brua vart da teke av flaum eller isgang i Grotåe. I åra etter denne tida har dagens eksisterande stig og bruer over Skjøli vore brukt til å drive beitedyr etter innover Lundadalen.

Når det gjeld vurderingane av saka opp mot verneforskrift og naturmangfaldlov blir det vist til vurderinga i styresak 5/22 med saksnummer 2019/8570-13.
3. I klaga skriv klagar at *«det blir feil av nasjonalparkstyret å si at det er etablert stig mellom to bruer, som kan tene til dette formålet»*, altså formålet med å drive beitedyr inn i Lundadalen i dag. Klagar ber nasjonalparkstyret om å setje seg betre inn i forholda der.
 - Nasjonalparkforvaltar tolkar dette slik at det er mogleg at det her er ei misforståing i kva som er meint med dette i vedtaket frå styresak 5/22. Den

etablerte stigen og dei to bruene det blir referert til i vedtaket er altså den eksisterande stigen, som ligg søraust for Skjøli i dag, og dei to nye bruene som beitelaget bygde opp att i 2019 etter flaumen. Det betyr altså at nasjonalparkstyret meiner at denne stigen framleis kan nyttast til å drive beitedyr etter innover Lundadalen slik det har vore gjort i fleire tiår nå.

4. I kлага blir forhalda rundt vintertransport med snøskuter til Lundadalen teke opp.
 - Snøskutertransporten til/frå Lundadalen som er teke opp i kлага blir ikkje kommentert her, da dette ikkje er relevant for saka.
5. Klagar skriv at det ikkje har vore søkt om etablering av ein anleggsveg i samband med tiltaket og at dette er feil informasjon gjeve av nasjonalparkforvaltar. Lenger ned i kлага blir det skrive at det mest rette hadde vore å bruke helikopter til frakt og montering av bru over Grotåe, og at dette hadde vore ein vinn-vinn situasjon for alle partar.
 - Den 2. juni 2021 sendte nasjonalparkforvaltar ein e-post til søkjar/klagar, der det bl.a. vart bedt om ei meir detaljert beskriving av behovet for motorisert ferdsel i samband med tiltaket det var søkt om. I svaret nasjonalparkforvaltaren fekk, den 17. november 2021, kan det sjå ut til at det meste av transport til/frå Grotåa er tenkt gjort på barmark langs den eksisterande stigen/vegen som ligg der i dag. Det er på slutten av utgreinga nemnt frå søkjar at det *kan* bli aktuelt å nytte snøskuter. Bruk av helikopter er ikkje nemnt i denne utgreia og heller ikkje i tidlegare søknadar.
6. I kлага er det poengtert at planen er å ta ut sand til støyping av brufundament ved Grotåa. Bakgrunnen for dette er at det her ligg mykje sand opp i dagen og at det ikkje vil bli varige sår i naturen. Dette vil bli mindre inngrep enn det som var gjort på andre sida i samband med oppføring av dei nye bruene i 2019.
 - Det er beskrive at det framleis er aktuelt å ta ut masse på staden ved Grotåe for støyping av brufundament og at dette ikkje vil føre til varige sår i naturen. I dette tilfellet meiner nasjonalparkforvaltar at dette er ein uheldig framgangsmåte og eit omfang ein ikkje kan tillata innanfor nasjonalparken.
7. I kлага blir det teke opp at ein meiner det er forskjellsbehandling av aktørar som driv i Lundadalen. I dette tilfellet er det tenkt spesielt på DNT og den lokale beitenæringa. Hovudspørsmålet er kvifor det ikkje vart innhenta ei vurdering frå NVE når DNT fekk byggje ny bru over elva Skjøli rett aust for osen på Lundadalsvatnet i 2015/2019.
 - Intensjonen til forvaltninga er at alle aktørar skal behandlast på ein så lik måte som mogleg. Det at det ikkje er stilt krav om eksempelvis uttale frå NVE i ei tidlegare sak, betyr ikkje at det ikkje skal kunne stillast krav om utale frå NVE i ei

anna sak. Ulike vurderingar blir gjort i dei ulike sakene/tiltaka med bakgrunn i både saksopplysningar, byggemåte, dimensjonering, plassering i terrenget osv. I denne saka ligg brua det er søkt om innafor NVE sitt aktsamheitskart med tanke på jord- og flaumskred. Dette kan gjere det nødvendig å få ei fagleg uttale der NVE ser på dette opp mot dei planane som føreligg. Som eit eksempel kan det også nemnast at DNT-brua ved osen på Lundadalsvatnet ikkje ligg innanfor eit slik område.

Utviklinga dei siste åra med tanke på endra klima og plutslege/større nedbørmengder tilseier at vi må ha meir fokus på korleis og kor nye bruer blir bygd. Slik sett er bl.a. haustflaumen i 2018 ei hending ein kan hente lærdom frå. Det er viktig at nye bruer blir plassert og dimensjonert på ein slik måte at dei toler den utviklinga som er forventa i framtida, og at dette er innanfor dei føringane som ligg til grunn i verneområda. Det er vanskeleg å garantere at ei bru ikkje vil bli teke av flaum eller isgang, men byggemåte og plassering bør ikkje utgjere ein fare for nedanforliggjande areal dersom ei bru skulle bli teke av vatnet. Eksempelvis vil ei hengebru som består av to stålkablar med lause lemmar til brudekke gå meir i oppløysning enn ei fast bru med bjelkar og fast brudekke, som i verste fall kan fungere som ei propp i elva.

8. Klagar har liten tru på tiltaket med tilrettelegging av den eksisterande stigen som nasjonalparkstyret skisserte i styresak 5/22 med saksnummer 2019/8570-13. Klagar meiner at tilrettelegginga er dårleg planlagt og vil gje enda meir sår i naturen enn den planlagde brua over Grotåe.
 - Den 17. juli 2020 gjennomførte nasjonalparkforvaltar, SNO Breheimen og søkjar synfaring langs den eksisterande stigen søraust for Skjøli. Formålet var bl.a. å sjå på og diskutere eventuelle løysningar på dei punkta på stigen i nasjonalparken som var utfordrande for beitenæringa. Dei plassane og tiltaka er oppsummert i vedlegget til styresak 5/22.

Nasjonalparkstyret uttrykkjer i styresak 5/22 at eventuelle tiltak skal gjerast i dialog med beitenæringa, slik at ein saman kan finne gode løysingar innanfor dei rammene ein har. Tiltaka som er skissert i vedlegget til styresak 5/22 er ikkje eit endeleg dokument og kan derfor justerast dersom det er andre relevante moment som kjem fram. Men det er heilt opp til beitenæringa og grunneigar å avgjere om dette er av interesse eller ikkje.

I klaga kjem det ikkje fram nye moment som er av spesiell betydning for saka med unntak av dette med bruk av helikopter til transport av materialar og montering. Punkta i klaga gjev ikkje ny og utfyllande informasjon med tanke på NVE sine merknader i større grad. I klaga er det framleis lagt opp til uttak av masse til støyping innanfor nasjonalparken.

Nasjonalparkforvaltar meiner at det framleis er mange usikkerheitsmoment knytt opp til gjennomføring av tiltaket det er søkt om. Tiltaket er framleis vurdert til å kunne påverke verneverdiane og verneformålet på ein negativ måte.

Det blir elles vist til vurderingane som er gjort i styresak 5/22 med saksnummer 2019/8570-13.

Konklusjon

Nasjonalparkforvaltar har vurdert det slik at klaga ikkje kjem med nye moment av avgjerande betydning som ikkje var kjent under behandlinga av søknaden i styresak 5/22. Etter ein gjennomgang og ei vurdering av innhaldet i klaga tilrår nasjonalparksforvaltar at nasjonalparkstyret opprettheld sitt vedtak i styresak 5/22 frå styremøte den 18. mars 2022 om avslag, og at klaga med dei tilhøyrande dokumenta blir sendt over til Miljødirektoratet for endeleg klagebehandling.

ST 17/22 Delegerede vedtak /

DS 8/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Transport av varer, ved, utstyr og materialar - Ola Moen 2022/3004

DS 9/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Transport av materialar til naust - Åge Frøyse 2022/3007

DS 10/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022 - Transport av båt til Surtbyttvatnet - Håvard Moen 2022/3013

DS 11/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - 2022-2025 - Transport av saltstein - beitebrukere i Lundadalen v/ Else Mona Staurust 2022/2987

DS 12/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - 2022 - Dispensasjon - Transport av ny båt til Surtbyttvatnet - Lars Eide 2022/3363

DS 13/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - Dispensasjon - 2022-2025 - Transport av bagasje og utstyr til hytte - Steinar Øygard 2022/3018

DS 14/22 Delegerede vedtak - Breheimen nasjonalpark - 2022-2025 - Dispensasjon - Transport av ved til hytte ved Kollungshytta og Haukberghytta - Skjåk JFL 2022/3898

DS 15/22 Delegerede vedtak - Breheimen NP - Honnsrøve NAT - 2022 - Dispensasjon - Utplassering av turpostar - Fjellgeita Skjåk IL v/ Simen Toven 2022/3254

ST 18/22 Referatsaker /

Delegering av myndighet etter naturmangfoldloven § 73 fjerde ledd 2022/5471

ST 19/22 Eventuelt /